



Fin utsikt over Lusterfjorden og fjella på sørsida av fjorden. I aust ser vi grenda Optun og fjelltoppen Fanaråken. Ruinar etter ein gammal støl. Eitt stølshus står enno.

Parkering:
 Ved rasteplass i Hatleviki ved fjorden 3 km frå Skjolden på riksveg 55.
 N 61°28'42" E 07°33'43"
 Sone 32 N 6816912 E 423398

Tur nr 01 Fjøsnastølen

Tid:	1,5 time (Samla gangtid, tur-retur)
Høgde:	10-250 meter
Lengd:	2 km (Totalt)
Kart:	Lusterfjorden 14171 (1:50000) eller Breheimen (1:100000)
Post:	Ved stølen
Merking:	O-merka



Som namnet seier er dette stølen til grenda **Fjøsne**. Stølen ligg berre eit lite stykke oppe i lia, og vart nytta som vår- og hauststøl.

Den gamle ferdavegen mellom Skjolden og Luster gjekk forbi stølen og vidare over Ørnskaret mot Ottane. Nede ved fjorden var det uråd å komma fram på grunn av urer og berg som gjekk loddrett i fjorden.

På yttersida av stølen renn Mjlkåi. Elva/grova kjem direkte frå høgjellet ovanfor stølen, og kan ha fått namnet sitt fordi vatnet vart nytta til å kjøla mjølka på varme sommardagar. Om vinteren når det vesle vatnet som var i elva fraus, vart elvefaret nytta til å løypa tømmer frå skogen ned til fjorden. (Det var elles ei større tømmerløyft lenger ute.)

På vegen opp til stølen passerer vi ruinane av husmannsplassen Viki. Her var mange hus, og plassen hadde mølle ved Mjlkåi. Husmannen vart utsagd og måtte avslutte drifta i 1942. Deretter måtte han riva husa og forlata plassen.

Dei mange grunnmurane og restar av steinmura gjerde, vitnar om at det har vore lagt ned mange tunge arbeidsøkter i desse bratte bakkane, i ein seig kamp for å overleva.

 **Vi ønskjer Dykk ein hyggeleg tur!**
 Skjolden Aktiv og IL Fanaråk

Tekst-Foto-Utforming: Valne Vision